

Delegeringsreglement

Volda kommune

august 2021

INNHALD

Delegeringsreglement for Volda kommune.....	3
Kva er delegering?.....	3
Hovudprinsipp.....	3
Innstillingsretten.....	4
Hastesaker.....	4
Generellt for bruk av delegering.....	5
Delegering etter særlover.....	6

Kva er delegering?

Delegering betyr overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Den ein delegerer til, kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegne av den som delegerer.

Delegering av mynde inneber ikkje at det organet som delegerer gjev frå seg ansvar eller mynde på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta dette tilbake.

Hovudprinsipp

Etter kommunelova er alt mynde lagt til kommunestyret.

Kommunestyret kan delegere myndet til andre politiske organ eller til kommunedirektøren med mindre det er bestemt at myndet ikkje kan delegerast. Tilsvarande kan andre politiske organ delegere til kommunedirektøren.

Sjølv om eit mynde etter lova ikkje kan delegerast, kan kommunestyret gjere vedtak om at formannskapet eller anna fast folkevalt organ kan gjere vedtak i saker når det ikkje er tid til å kalle inn vedtaksorganet, kommunelova § 11-8 ("hastevedtak").

Delegeringsmyndet kan delegerast vidare og det kan kallast tilbake både generelt og i enkeltsaker. Den som har fått delegert eit mynde kan også la vere å gjere bruk av delegeringa og heller la eit overordna organ avgjere saka.

1. Kommunestyret er det øvste avgjerdsorganet

Kommunestyret er det øvste kommunale organet. Det treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak, jfr. Kommunelova § 5-3.

Delegert mynde skal utøvast i samsvar med kommunestyret sin intensjon.

All delegert mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gjevne av overordna organ, og innanfor godkjende budsjettammer og føresetnader.

2. Avgjersler som ikkje kan delegerast

Kommunestyret skal avgjere alle saker som gjeld vedtak av kommunale forskrifter, folkevald organisering, kommuneplan, kommunedelplanar, budsjett, økonomiplan, og saker som til ei kvar tid etter kommunelov, særlover og delegeringsreglementet er lagt til kommunestyret sjølv.

3. Prinsippet om maksimal delegering

Delegering av avgjerdsmynde frå kommunestyret til folkevalde organ og kommunedirektøren, kan i prinsippet tildelast fullt ut i alle saker der ikkje anna følgjer av lov. I Volda kommune gjeld prinsippet om maksimal delegering. Det betyr at mynde kan delegerast til lågaste nivå innanfor ramma av lovverk og så langt kommunestyret har gjort vedtak.

4. Delegering frå kommunestyret til folkevalt organ

Kommunestyret delegerer mynde til politiske organ ut frå det enkelte organ sitt ansvarsområde i samsvar med reglementet.

5. Delegering frå kommunestyret til kommunedirektøren

Med mindre kommunestyret eller lov og forskrift har bestemt noko anna, gjev kommunestyret kommunedirektøren mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker og type saker som kommunedirektøren vurderer til ikkje å vere av prinsipiell betydning. Etter kommunelova har kommunedirektøren mynde i i alle løpande personalsaker. Kommunedirektøren vert også gjeve mynde til å organisere den administrative verksemda.

All delegering til administrasjonen skjer til kommunedirektøren.

6. Prinsipiell/ikkje prinsipiell sak

Kommunedirektøren pliktar sjølv å ta stilling til om ei sak er av prinsipiell betydning eller ikkje, og om den skal handsamast av folkevalt organ.

Det kan som utgangspunkt vere nyttig i sondringa mellom prinsipiell/ikkje prinsipiell sak å spørje seg om det til grunn for avgjerda trengst meir enn ei fagleg og/eller regelbunden vurdering eller handsaming. Kjem ein inn på det politiske eller klart skjønsmessige vurderingar eller prioriteringar, er ein over i prinsipielle saker. I praksis bør saker der det er tvil handsamast som prinsipielle. Vidare er det ein føresetnad at det vert konferert med overordna når det er tvil om ei sak er prinsipiell eller ikkje.

Er kommunedirektøren i tvil om ei sak er av prinsipiell betydning skal han rådføre seg med ordføraren/formannskapet.

7. Vidaredelegering

Kommunedirektøren kan delegere vidare til andre i administrasjonen med mindre anna går fram av lov eller vedtak i kommunale organ.

Tilbakekalling av fullmakt og omgjeringssrett

Kommunestyret eller ein annan instans som har delegert mynde, kan trekke det delegerte myndet tilbake. Dette gjeld også i enkeltsaker.

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak fatta av underordna organ innanfor ramma av § 35 i forvaltningslova.

8. Retten til ikkje å gjere bruk av delegert mynde

Den som har fått delegert mynde kan i særskilte tilfelle overlata til overordna organ å treffe avgjerd i ei konkret sak.

Innstillingsretten

Kommunedirektøren innstiller i saker som skal handsamast i formannskapet og faste utval.

Til kommunestyret er det formannskapet, hovudutvala og kontrollutvalet som innstiller. Dersom ei sak hastar, og det ikkje er tid for å handsame saka i underordna organ, kan kommunedirektøren innstille direkte til kommunestyret.

Hastesaker

Formannskapet har slikt mynde i hastesaker:

Formannskapet kan gjere vedtak i saker som skulle vore avgjort av kommunestyret eller anna kommunalt utval, når det er nødvendig at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret eller utvalet til møte (fotnote delegeringsreglementet), jf. kommunelova § 11-8.

Vedtak som vert gjort i medhald av denne fullmakta skal refererast for kommunestyret/utvalet i deira neste møte.

Ordføraren har slikt mynde i hastesaker.

Ordføraren har mynde til å gjere vedtak i hastesaker med heimel i kommunelova § 11-8 første ledd.

Vedtak som vert gjort i medhald av denne fullmakta skal refererast for kommunestyret/utvalet i deira neste møte

Generellt for bruk av delegering

For alle lover og forskrifter gjeld generelt at prinsipielle saker vert handsama av tenesteutvalet området sorterer under, og ikkje prinsipielle saker vert handsama av kommunedirektøren.

Delegering etter særlover

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Tildeling av bevilling for sal og skjenking	§ 1-7	Ikkje delegert
	Godkjenning av styrar og stedfortredar	§ 1-7 c	Kommunedirektøren
	Alminneleg løyve til enkeltarrangement		Kommunedirektøren
	Vedta alkoholpolitisk handlingsplan	§ 1-7 d	Kan ikkje delegerast
	Inndraging av sals- og skjenkeløyve	§ 1-8	Kommunedirektøren
	Kontroll med sals- og skjenkeløyve, jf. alkoholforskrifta av 08.06.2005	§ 1-9	Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Fastsette høgaste tal på salsbeviljingar for AS Vinmonopolet og godkjenne lokalisering	§ 3-3	Kan ikkje delegerast
	Fastsetje skjenketider	§ 4-4	Ikkje delegert
	Endring av sals- og skjenketider i einskildhøve	§§ 3-7 og 4-4	Kommunedirektøren
	Utviding av skjenkelokale i einskildhøve	§ 4-2	Kommunedirektøren
	Gje løyve til å nytte ambulerande løyve	§ 4-5	Kommunedirektøren
	Fastsetje bevillingsgebyr	§ 7-1 og §§11-1,11-2 og 11-3 i forskriftene	Kommunedirektøren
	Tiltak etter ruspolitisk handlingsplan og vedtak om sanksjonar ved brot på alkohollova.		Kommunedirektøren
Lov om barnehager	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Fastsette foreldrebetalinga	§ 4	Kan ikkje delegerast
	Fastsette vedtekter for barnehagane	§ 7 fjerde ledd	Kan ikkje delegerast
	Treffe vedtak og utøve mynde som ligg til lokal barnehagemynde	§ 8	Kommunedirektøren
	Fullmakt til å sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk	§ 8	Kommunedirektøren
	Godkjenne barnehagar	§ 10	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om driftstilskot til ikkje-kommunale barnehagar	§ 14	Kommunedirektøren
	Føre tilsyn med barnehagane	§ 16	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om økonomiske reaksjonsmiddel ovanfor ikkje-kommunale barnehagar	§ 16 a	Kommunedirektøren

Særlov	Mynde	§	Delegert til
	Godkjenne familiebarnehagar	§ 11	Kommunedirektøren
	Opptak etter vedtekter	§ 12	Kommunedirektøren
	Dispensere frå krav til utdanning	§§ 17 og 18	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om spesialpedagogisk hjelp	§ 19 a	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om rett til skyss	§ 19 f	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om opplæring i teiknspråk	§ 19 h	Kommunedirektøren
Lov om barneverntjenester	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Ansvar for å utføre kommunen sine oppgåver etter loven	§ 2-1	Barnevernleiar
Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff m.m.	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Fastsette lokal forskrift og gebyr for feiing og tilsyn ved fyringsanlegg	§ 28	Kan ikkje delegerast
	Kan vedta lokale forskrifter om meldeplikt ved store arrangement	§ 7	Kan ikkje delegerast
	Fastsette tvangsmulkt som eingongsbeløp eller pr. dag.	§ 39	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Treffe vedtak om tilsyn med særskilte brannobjekter	§ 13	Kommunedirektøren
	Gje påbod om sikringstiltak og beredskap	§ 14	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om tenesteplikt i brannvesenet.	§ 17	Kommunedirektøren
	Føre tilsyn og treffe vedtak som er lagt til lokal tilsynsmyndighet		Kommunedirektøren
	Ilegge tvangsmulkt med inntil kr 100.000 som eingongssum eller inntil kr 2.000 pr. dag	§ 39	Kommunedirektøren
	Gi førelegg ved om tvangsgjennomføring	§ 40	Kommunedirektøren
Lov om domstolene	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Oppnemne medlemmer til Forlikrådet	§ 57 andre ledd	Kan ikkje delegerast
	Velje medlemmer til utvala av meddommarar, og ev. suppleringsval	§§ 66 og 66 a	Kan ikkje delegerast
	Førbu valet, avgjer søknad om fritak fra val og gir forslag til val	§ 68	Formannskapet
	Avgjerd om fritak	§ 74	Kommunedirektøren
	Tvangsinnkrevjing av kommunale og privatrettslege krav, jfr. Tvisteloven § 2-5 2.ledd	§ 191, 1 ledd	Skatteoppkrevjaren

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om eierseksjoner	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Treffe vedtak om seksjonering	§ 12	Kommunedirektøren
	Gi pålegg om reseksjonering	§ 22	Kommunedirektøren
	Kommunen sitt mynde etter lova		Kommunedirektøren
Lov om eidegdomsskatt til kommunane	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Fastsette satsar og reglar ved utskriving av eidegdomsskatt	§ 10	Kan ikkje delegerast
	Oppnemne ei klagenemnd	§ 20	Kan ikkje delegerast
	Oppnemne ei sakkunnig nemnd	§ 8 A-3 nr. 4	Kan ikkje delegerast
	Vedta skattefritak for eidegdomar	§ 7 a, b, d, e	Kan ikkje delegerast
	Fullmakt til å avgjere einskildsaker om skattefritak for bustadeieidegdomar	§ 7 c	Formannskapet
	Mynde som part i søksmål og tvistar for tingretten		Kommunedirektøren
Lov om film og videogrammer	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Gje løyve og fastsette vilkår for løyve til framsyning av film i næring	§ 2	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
Lov om folkehelsearbeid	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova		Kommunedirektøren
Lov om folkebibliotek	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Fastsette reglement for folkebiblioteket	§ 4	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
Lov om forpakting	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Utnemne eit utval som avgjer skjønn ved tiltreding og fråtreding	§ 11, andre ledd	Kan ikkje delegerast
Lov om vern mot forurensningar og om avfall med forskrifter	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Vedta forskrifter om forureining	§ 9	Kan ikkje delegerast
	Fastsette tvangsmulkt som eingongsbeløp eller pr. dag	§ 73	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Fastsette tvangsmulkt t.o.m. kr 100 000 som eingongsbeløp eller t.o.m. kr 2000 pr. dag	§ 73	Kommunedirektøren
	Treffe enkeltvedtak som er lagt til kommunen som ureiningsmynde		Kommunedirektøren

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om friluftslivet	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Treffe vedtak om å regulere eller forby ferdsel i bestemte område, med samtykke frå eigaren eller brukaren	§§ 2, 15 og 16	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Treffe vedtak om avgift for tilgang til badestrand, teltplass, parkeringsplass eller anna opparbeidd friluftsområde	§ 14	Kommunedirektøren
Lov om frittstående skolar	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Treffe vedtak om særskilt språkopplæring	§ 3-5	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om spesialundervisning	§ 3-6	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om rett til skuleskyss	§ 3-7	Kommunedirektøren
Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Treffe vedtak ved usemje om kven som skal sørge for gravferda og kven som skal ha høve til å vere ansvarleg for grava	§ 36	Kommunedirektøren
Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Treffe vedtak om helsetenester i heimen, personleg assistanse og plass i institusjon	§ 3-2 nr. 6	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om pårørandestøtte i form av opplæring og rettleiing, avlastningstiltak og omsorgsstønad	§ 3-6	Kommunedirektøren
	Tildele bustad til vanskelegstilte	§ 3-7	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om at helse- og omsorgstenester skal organiserast som brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	§ 3-8	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om bruka av tvang i høve rusmiddelavhengige	kap. 10	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om vederlag for helse- og omsorgstenester	§ 11-2	Kommunedirektøren
	Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova.		Kommunedirektøren

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om hundehold	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Fastsette forskrift om sikring av hund ved bandtvang m.m.	§ 6	Kan ikkje delegerast
	Fatte vedtak om unntak frå sikringsreglane	§ 9	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Fullmakt til å utføre kommunen sine oppgåver etter denne lova		Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om tildeling av introduksjonsprogram, introduksjonsstønad og opplæring i norsk og samfunnskunnskap	§ 3	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om vesentleg endring av individuell plan	§ 6	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om å stogge introduksjonsprogrammet eller opplæring i norsk og samfunnskunnskap for ein einskild	§§ 1, 17 og 19	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om permisjon om fravær og permisjon ved nyankomne innvandreres deltakelse i introduksjonsordning	§ 5-1	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om trekk i introduksjonsstønaden	§ 14	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om tilbakebetaling av stønad	§ 15	Kommunedirektøren
Lov om jord	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Treffe vedtak som er lagt til kommunen		Kommunedirektøren
	Treffe vedtak og gje pålegg etter forskrift 02.05.1997 nr. 423 om nydyrking		Kommunedirektøren
Lov om Den norske kirke	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Velje eit medlem og eit varamedlem til kyrkjeleg fellesråd	§ 6 andre ledd	Kan ikkje delegerast
	Gje samtykke til at konfirmasjonsopplæringa vert gjennomført i skuletida	§ 36	Kommunedirektøren
Lov om kommuner og fylkeskommuner	Saksansvarleg politisk organ		Kommunestyret/formannskapet
	Treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning.		Kommunedirektøren

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv.	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Utføre oppgaver som er lagt til kommunen		Kommunedirektøren
	Gje konsesjon	§ 2	Kommunedirektøren
	Forlenge fristen for vidaresal	§ 5.5 siste pkt.	Kommunedirektøren
	Lempe på konsesjonsvilkåra	§ 11	Kommunedirektøren
	Pålegge å søke om konsesjon	§ 13	Kommunedirektøren
	Tilbaketrekking av konsesjon og fastsetjing av frist for sal	§ 16	Kommunedirektøren
Lov om gjeldsforhandling og konkurs	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Fullmakt til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming og å stille nødvendig garanti for konkurshandsaminga.		Kommunedirektøren
	Godta eller forkaste framlegg til gjeldsordningar innanfor ei ramme på kr. 200.000,-		Kommunedirektøren
	Gjere avskrivning av tap på etableringslån, med dekning av kommunen sin innskotskonto for etableringslån i bank som vert nytta ved forvaltning av etableringslån. Innbetalingar av etableringslån i høve oppretta gjeldsordningar godskrivast innskotskontoen		Kommunedirektøren
Lov om kommunale krisesentertilbod	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Sørge for at kommunen sine oppgaver etter lova vert haldne		Kommunedirektøren
Lov om laksefisk og innlandsfisk mv.	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Gi dispensasjon etter forskrift av 19.01.1996 nr. 1469		Kommunedirektøren
	Avgjøre tvister etter forskrift av 19.01.1996 nr. 1469		Kommunedirektøren
Lov om tilskott til livssynsamfunn	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Kommunal avgjerd om tilskot	§ 3	Kommunedirektøren
Lov om luftfart	Saksansvarleg politisk organ		Kommunestyret
	Gje konsesjon til landingsplass	§ 7-5	Ikkje delegert

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om eigedomsregistrering	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Fastsette gebyr og betaling for matrikelopplysningar	§ 32	Kan ikkje delegerast
	Fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter lova		Kommunedirektøren
	Treffe vedtak som er lagt til kommunen som lokal matrikkelmynde	§ 5 a	Kommunedirektøren
	Overlate til andre å utføre kart- og deleforretningar		Kommunedirektøren
Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Kan vedta forskrift som gjev høve til landing og start med luftfartøy på bestemte stader i utmark og vassdrag og gje løyve til bruk av motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 km ²	§ 5 første ledd	Kan ikkje delegerast
	Gje løyve til motorferdsel når særlege grunnar ligg føre	§ 6	Kommunedirektøren
Lov om forvaltning av naturens mangfold	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Gje løyve til uttak av hjortevilt og bever for å avverge skade, samt til å fjerne beverbustad eller dam for å hindre vesentleg skade ved overfløyning	§ 18 fjerde ledd	Kommunedirektøren
Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Fastsetje forskrift om undervisningstid utover det sentrale forskrifter fastset	§ 2-2 andre ledd	Kan ikkje delegerast
	Fastsetje forskrift om skule- og feriedagar i skuleåret	§ 2-2 fjerde ledd	Kan ikkje delegerast
	Fastsetje forskrift om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skulane	§ 2-5 første ledd	Kan ikkje delegerast
	Fastsetje felles ordensreglement for grunnskulen i Sunnfjord kommune	§ 9 A-10	Kan ikkje delegerast
	Vedtak om utsett eller tidlegare skulestart	§ 2-1 tredje ledd	Kommunedirektøren
	Vedtak om fritak frå opplæringsplikta	§ 2-1 fjerde ledd	Kommunedirektøren
	Sette fram krav om offentleg påtale	§ 2-1 femte ledd	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om opplæring i teiknspråk	§ 2-6	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om opplæring i punktskrift	§ 2-14	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om rett til skuleskyss	§ 7-1	Kommunedirektøren

Særlov	Mynde	§	Delegert til
	Treffe vedtak om flytting av elev til annan skule	§ 8-1	Kommunedirektøren
	Føre tilsyn med heimeopplæring	§ 14-2	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa	§ 2-3	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om særskilt språkopplæring	§ 2-8	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om permisjon inntil to veke	§ 2-11	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om spesialundervisning	§ 5-1	Kommunedirektøren
Lov om pasient- og brukerretegheter	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Treffe vedtak om individuell plan	§ 2-5	Kommunedirektøren
Lov om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven)	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Møteforbud, stenging av virksomhet, begrensning i kommunikasjon, isolering og smittesaning	§ 4-1	Formannskapet
Lov om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven)	Saksansvarleg politisk organ		Kommunestyret
	Pålegge helsepersonell å ta opplæring	§ 4.9, 1. ledd	Kommunedirektøren
	Pålegge deltaking i smittevernarbeidet	§ 4.9, 2. ledd	Kommunedirektøren
	Pålegge legar å delta i førebyggjande arbeid, undersøking, behandling etc.	§ 4.9, 4. ledd	Kommunedirektøren
Lov om planlegging og byggesaksbehandling	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet/ Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Vedta kommunal planstrategi	§ 3-3 andre ledd	Kan ikkje delegerast
	Vedta kommuneplanen sin arealdel	§ 10-1	Kan ikkje delegerast
	Vedta kommuneplanen sin samfunnsdel	§ 11-2 jf. § 11-15	Kan ikkje delegerast
	Vedta reguleringsplanar	§ 12-12	Kan ikkje delegerast
	Vedtak om ekspropriasjon	§§ 16-2, 16-3, 16-4	Kan ikkje delegerast
	Føresetnadar for utbyggingsavtaler	§ 17-2	Kan ikkje delegerast
	Fastsetje forskrift om gebyr	§ 33-1	Kan ikkje delegerast
	Førelegg om plikt til å etterkomme pålegg eller forbod og tvangsfullbyrding, skal likevel handsamast av formannskapet så	§§ 32-6 og 32-7	Formannskapet

	framt det ikkje hastar på grunn av fare for liv eller helse.		
	Fastsette tvangsmulkt som eingongsbeløp eller dagmulkt.		Formannskapet
	Fastsette tvangsmulkt t.o.m. kr 100 000 som eingongsbeløp eller t.o.m. kr 2000 pr. dag		Kommunedirektøren
	Fullmakt til å dispensere frå plan- og bygningslova, vedtekter og forskrifter, og frå arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplan så langt dette er kurante ja- eller nei-saker		Kommunedirektøren
	Fullmakt til å gjere mindre endringar i reguleringsplan og fastsette tomteinndeling, føresetter at det skal vere mindre (kurante) endringar	§ 12-14, andre ledd	Kommunedirektøren
	Fullmakt til å starte/rå til reguleringsplanarbeid for utbyggingsområde i arealdelen og å kunngjere slik oppstart		Formannskapet
Særlov	Mynde	§	Delegert til
	Fullmakt til å utøve det mynde som i samband med byggesaker er lagt til kommunen i lova, §32-9 om straff er ikkje delegert	kap. 20 – 32	Kommunedirektøren
	Ikkje-prinsipielle saker etter plan- og bygningslova		Kommunedirektøren
Lov om rettshøve mellom naboar			Formannskapet
	Opptre på vegne av kommunen		Kommunedirektøren
Lov om serveringsvirksomhet	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Tildeling av serveringsløyve	§ 3	Kommunedirektøren
	Godkjenne styrar og stedfortreder ved skifte		Kommunedirektøren
	Kontroll	§ 13	Kommunedirektøren
	Gjere unntak frå gjeldande opningstider i einskildtilhøve	§ 15	Kommunedirektøren
	Suspensjon av serveringsløyve	§ 18	Kommunedirektøren
	Tilbakekalle serveringsløyve	§ 19	Kommunedirektøren
	Vedtak om saksjonar ved brot på serveringslova.		Kommunedirektøren
Lov om betaling og innkrevjing av skatte- og avgiftskrav	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Fullmakt til å politianmelde saker på skattebetalingsområdet (jfr. Anmeldelsesinstruksen pkt.2)	kap 18	Skatteoppkrevjaren

Lov om skogbruk	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Fullmakt til å gjennomføre alle oppgaver som er lagt til kommunen etter lova		Kommunedirektøren
	Gje pålegg om skogregistrering, utarbeiding av ressursoversikt eller skogbruksplan	§ 5	Kommunedirektøren
	Gjere vedtak om å nekte planting i skoglause område, å skifte treslag, å grøfte, å gjødsle eller å bruke plantevernmiddel	§ 6	Kommunedirektøren
	Gje pålegg om å rette opp køyreskadar eller andre skadar etter tiltak i skogen	§ 8	Kommunedirektøren
	Trefte vedtak om å nekte hogst	§ 8	Kommunedirektøren
	Trefte vedtak om førebyggjande tiltak mot skadar som følgje av insekt- eller sopppangrep	§ 9	Kommunedirektøren
	Trefte vedtak om tiltak etter skade på skog	§ 10	Kommunedirektøren
	Trefte vedtak om meldeplikt	§ 11	Kommunedirektøren
	Trefte vedtak om tvangsmulkt	§ 23	Kommunedirektøren
Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om vern mot smittsomme sykdommer	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Føre tilsyn og sørge for at reglane i lova vert haldne	§ 7-1	Kommunedirektøren
Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Trefte vedtak om individuelle tenester	kap. 4	Kommunedirektøren
Lov om stadnamn	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Vedta skrivemåten av namn på kommunale vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg mv.	§ 7	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
Lov om rettergangsmåten i straffesaker	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Krevje påtale på vegne av kommunen som fornærma	§ 81 a andre ledd	Kommunedirektøren
	Setja fram krav om erstatning i samband med straffesak	§ 427, jf. § 3	Kommunedirektøren
	Kan gje samtykke til at retten gjer avgjerd om plassering i institusjon eller kommunalt bueining i staden for fengsling	§ 188	Kommunedirektøren
Lov om straff	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet

	Kan gi samtykke til at den domfelte skal ha opphold i institusjon eller kommunal bueining utover eittårsfristen		Kommunedirektøren
Lov om vern mot tobakksskader	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for Helse- og omsorg
	Fullmakt til å gjennomføre kommunen sine oppgåver		Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om retting og tvangsmulkt	§ 8	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om salsforbod	§ 9	Kommunedirektøren
Lov om trudomsamfunn og ymist anna	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for oppvekst og kultur
	Fullmakt til å dele ut tilskot til trossamfunn	§ 9	Kommunedirektøren

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om tvangsfullbyrdelse	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Fullmakt til å setje i verk dei tiltak tvangsfullbyrdelseslova heimlar for sikring og inndrivning av pengekrav, og fullføring av krav og rettar som går ut på anna enn betaling av pengar		Kommunedirektøren
	Fullmakt til å krevje utkasting av leigetakar når leigetida er ute eller ligg føre vesentleg misleghald av leigekontrakta		Kommunedirektøren
Lov om mekling og rettergang i sivile tvister	Saksansvarleg politisk organ		Formannskapet
	Vedtak i saker av prinsipiell betyding og saker av større økonomisk omfang		Formannskapet
	Oppnemne faste møtefullmektiger for forliksrådet	§ 6-7	Kommunedirektøren
	Fullmakt til å reise saker for domstolane, inngå forlik, godta eller anke rettsavgjerder		Ordføraren
	Fullmakt til å engasjere juridisk hjelp		Kommunedirektøren
	Tvangsinnkrevjing av kommunale og privatrettslege krav, jfr. Domstoloven § 191, 1.ledd	§ 2-5 2.ledd	Skatteoppkrevjaren
Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Gi løyve til privat vass- og avløpsanlegg	§ 2	Ikkje delegert
	Fastsette lokale forskrift for gebyr	§ 5	Kan ikkje delegerast
Lov om vassdrag og grunnvann	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Treffe vedtak som vassdragsmynde	§§ 7 og 16	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om bredde på kantvegetasjon	§ 11	Kommunedirektøren
Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre	Saksansvarleg politisk organ		Valstyret
	Oppnemne valstyre	§ 4-1	Kan ikkje delegerast
	Fullmakt til å oppnemne røystestyre	§ 4-2	Valstyret
	Fastsetje kor mange røstekrinsar kommunen skal delast inn i	§ 9-3	Ikkje delegert

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om vegar	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Kommunen si vegstyresmakt	§ 9	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Treffe vedtak som er lagt til kommunen som vegstyremakt, så langt det er kurant		Kommunedirektøren
	Gje løyve til plassering av byggverk mv. innafør byggegrense etter kommunal veg	§ 30	Kommunedirektøren
	Gje påbod om fjerning av tre mv. innanfor byggegrense etter kommunal veg	§ 31	Kommunedirektøren
	Gje løyve til plassering av leidningar mv. langs kommunal veg	§ 32	Kommunedirektøren
	Treffe avgjerd om reklameskilt eller liknande ved kommunale vegar	§ 33	Kommunedirektøren
	Gje løyve til endring eller bruksendring av byggverk eller anna innretning	§ 34	Kommunedirektøren
	Gje løyve til avkjørsle	§ 40	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om avkjørsler frå kommunal vegar	§§ 41-43	Kommunedirektøren
	Treffe avgjerd i høve grind eller ferist på kommunal veg	§ 48	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om eigedomsinngrep ved fare for vegbrot eller liknande	§ 51	Kommunedirektøren
Lov om vegtrafikk med forskrifter	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter lova med føresegner		Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om mellombels forbod mot trafikk	§ 7	Kommunedirektøren
Lov om jakt og fangst av vilt	Saksansvarleg politisk organ		Tenesteutval for forvaltning og utvikling
	Vedta forskrift om minsteareal eller kvoter for felling av dyr etter denne lova og forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever 22.03.2002 nr. 314	§ 16	Kan ikkje delegerast
	Fullmakt til å forvalte forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever og kommunal forskrift.		Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om godkjenning av felles viltområde	§ 37	Kommunedirektøren
	Treffe vedtak om å slå saman areal for å oppnå misteareal for storviltjakt.	§ 38	Kommunedirektøren
	Fullmakt til å forvalte viltfondet og å løyve midlar frå viltfondet etter retningsliner vedteke av kommunestyret		Kommunedirektøren

Særlov	Mynde	§	Delegert til
Lov om voksenopplæring	Saksansvarleg politisk organ		Tenestutval for oppvekst og kultur
	Gje tilskot til studieforbund	§ 6	Kommunedirektøren
	Gratis bruk av offentlege lokale til voksenopplæring	§ 7	Kommunedirektøren